

Prolog, utgitt av Rasmus Rasmussen
Til vigslingi av bedehuset i Austfjorden, 14. juni, 1953.

Stundom ligg Austfjorden stavande still,
med' fagraste fjellheimen speglar seg i han :
Glitrar i solstilla, drøymande, dormande - -
Stundom so eitrande, gneistrande vill
at sjölv ikkje skamdjerve karar kan ri : han - - :
Fraser, når vindkast frå fjelli kjem stormande - -
Skjek seg i uveret, sjogande, hivande - - .
Sjöskodda tvers over fjelli kjem drivande - - .

Då ser ein kavar av luftboren sturtsjö
like til Veland, til Rödland og Nesbö,
legg seg som rim på kvar einaste rute.
Fjorden vert røyklagd når auststorm er ute.

Austanom fjorden ligg einbölte gardar - - .
Bygdi her aust er so gresi ei grend.
Snökledde fjelli, som mektige vardar
lyser mot hav, og gjer skipsleidi kjend.
Veglaus ligg bygdi. Brattlendt og hardvori.
Skal dei til grannen so må dei i båt.
Gråfjellsnaturi er hardhendt og skarpskori,
byd ingi dunseng å halla seg åt.

Vidgreina, mangslungne folkenaturi -
böygjeleg, mjuk, eller viljehard, skvær,
ofte tek farge av lendet ho bur i.
Det vil me ogso få merka oss her :
Mangen ein hardbalen, seneseig vilje
nördest hjå vaksen, hjå ungdom og pöyk,
med handi på åra og foten på tilje
når båten må fram gjennom stormskodderöyk.
Og stundom so leggst det nok sløparen til
å ferdast i ulende, mil etter mil,
og kliva i fjell etter smale og geit.
Han vert ikkje alltid av ferdi so feit.
Men om her er hardbeitt og berglendt og grått :
Austfjordingen trivst her so sverande godt.

Men folket det liver 'kje berre av bröd
og arbeid, i störm og i stilla.
Den jordbundne trældomen förer til död,
og löne sin livsslave illa .
Nei, menneskja treng å få höyra Guds Ord,
som dukar for trui eit bugnande bord,
og eine vår hunger kan stilla.

Til bedehus og kyrkje er vegen stundom mödesam .

Når stormen kjem med styrke, det er 'kje greidt å koma fram.

Eit ynskje vart seg spreidde, frå gard til gard, som stille sus:

"Gud gjeve at me greidde å reisa eige samlingshus!"

Det vekktest ~~høyrde~~ fyrst i löyndom, hjå kristne einskildmenn - ,
i dag er ynskjet röyndom for heile Austfjordgrend.

Inne i Dyrdal, so halvvegs til gards, Rasmus sitt hus kom for tanken
hans Lars:

"Öyde ligg heimen, og stova står tom. Enn om me her kringom Gudsordet kom.
ke i sentrum. Lett å få kjøpt. Tenk om me fekk det til bedehus döpt !"

Tanken vart handling. Der handel vart av.
Nykjøpte huset til grendi han gav. Væ i gullagiv til
Folket i Dyrdal for inkje gav grunn.
Staden er reint som eit dyrverdigt funn.
Heimen er nyreist av bygdi i lag,
slik som me ser, det for augo i dag.

Det himmelljos som ingenskökkja vinn viste da
Gud sende hit til våre myrke grender.
Som sol-det rann, og sende ljósblenk inn
til sjæledjupni hjå dei gamle frender.
I myrke hjartekrår so ljóst der vart:
Dei såg at syndi ho var meir enn svart.
Ei röyst dei höyrde klårt or dette ljós!
"Vend om til Gud, og styr ein annan kos!
Fly frå dei vonde maktens vald og ran,
og inn til livet etter Herrens plan.
Syndar som lid under myrkret si makt,
Kom inn på grunnen som Kristus hev lagt.
Fritt kan du koma. Han døydde for alle.
Hjarteleg velkomen, slik som du er.
Du som so ofte hev synda og falle,
og som til miskunn uverdige deg ser:
Stig inn i Frelsa. Få ditt på det tørre.
Syndi er ovstor, men nåden er større!"

Ordet og Anden skal her i sameining,
berga frå villferd, og livet gje' meining.
Herren si tviduble makt, det er både
berga frå Hel og gje' syndaren nåde.

Denne bodskap må lyda i Gudshuset vårt,
slik at unge og gamle ser livsvegen klårt
og fekk hug venda ryggen til verdi sin sveim.
Måtte Gud tendra liv i kvar einaste heim!

Gud signe og helge då staden og huset,
so lenge det står.
Og lat det få peika mot Himlen, frå gruset,
dei komande år!

Johs M.L. Rydland.

R.T.V. Tilsynskontor
Mantallsrygden
Arbeidskontor
Adr. Selm

ALVERSUND, TRYDEKASSE